



Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 18.11.2016
Vår ref.: 2014/17501-38
Dykkar ref.:

Sekretariatstenester for kontrollutvalet i Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har i dag avtale med Hordaland fylkeskommune (HFK) om levering av sekretariatstenester for kontrollutvalet. Avtalen vert automatisk fornya med eit år om gongen dersom ingen av partane seier den opp. Evnt. oppseiing i 2016 vil etter avtaleteksten innebera at avtalen varer ut 2017.

Dette året har Sunnhordlandskommunar gjennomført konkurranse om sekretariatstenester for kontrollutvala.

- Det gjeld kommunane Stord, Fitjar og Tysnes (som sa opp gjeldande avtale i 2015, med verknad frå årsskiftet 2016/17).
- Her var med opsjon for kommunane Kvinnherad og Bømlo (som ikkje har sagt opp sine avtalar). Viser til vedlagt brev av 09.11.16. frå Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum, om val av HFK som leverandør. Her står bl.a.: «*Kommunane Bømlo og Kvinnherad var med på konkurransen med ein opsjon på å tiltre ved behov*».

Status for konkurransen.

- Me har fått orientering om at kontrollutvala i kommunane Stord, Fitjar og Tysnes alle har tilrådd at HFK vert sekretariat frå 01.01.17. Kommunestyra i Fitjar og Tysnes har gjort vedtak i tråd med kontrollutvalet si tilråding, medan Stord kommunestyre har saka føre 24. nov. d.å.
- Vidare har me fanga opp sak til Kvinnherad kommunestyre sitt møte 24.11.16, sak 2016/66 med tittel: «*Oppseiing av avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet mellom Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune*». Kanskje er det då ei problemstilling om korvidt Kvinnherad kommune kan nytta seg av denne opsjonen frå 01.01.17., ettersom kommunen har kontraktsmessig avtale som minst strekker seg til 31.12.17.

Me vil difor meddela dette:

- Dersom Kvinnherad kommune ønskjer å nytta opsjonen, og knytta seg til den nye avtalen frå 01.01.17., kan kommunen bli løyst frå eksisterande avtale frå førstekomande årsskifte.
- Om kommunen vil nytta gjeldande avtale vidare, så er det og heilt greitt. Prisjustering meddelt i brev av 22.12.14, for å hindra kryssubsidiering, vil då gjelda frå 01.01.17. For Kvinnherad kommune sin del vart prisjusteringa utsett til 01.01.17., slik at kommunen hadde god tid til evtnt. å seia opp avtalen før justeringa vart sett i verk, dersom ein hadde merknader til justeringa.

Uansett er me glade for at kommunen nyttar HFK sine sekretariatstenester for kontrollutvalet. Med våre 12 års røynsle som sekretariat for omlag halvparten av kontrollutvala i Hordaland, trur me kontrollutvalet i Kvinnherad kommune då får det faglege nivået som utvalet fortener.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Ordførar

Rådmann

Kontrollutvalsleiar

Vedlegg

1 Melding om val av leverandør - sekretariatstenester for kontrollutval